



ByggProsjekt AS
Møllendalsbakken 2A
5009 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4545 - 15/19362

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
13.05.2015

Dispensasjon nr 2 - utomhusplan - gbnr 134/471 Hilland

Administrativt vedtak. Saknr: 182/15

Søknadstype: Søknad om dispensasjon frå plan

Saksutgreiing:

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå godkjent plan for fleire ulike tiltak som omfattar ulike tilhøve. Det vert vist til søknaden i sin heilskap. Kort skildring:

1. Plassering av FGV1, avvik frå plankart
2. Endra plassering/utforming av bustad 5-8, avvik frå plankart og føresegner
3. Endra plassering/utforming av P2, avvik frå plankart
4. Endra plassering/utforming av FGV3, avvik frå plankart
5. Endra kurvatur og plassering av Veg 8, avvik frå plankart
6. Regulert snuhammer ved P2/Veg8 utgår, avvik frå plankart
7. Endra plassering og utforming av FG5, PS2 og FG7, avvik frå plankart
8. Plassering av offentleg veg med tilhøyrande fortau i horisontalplanet (kurvatur), avvik frå plankart
9. Plassering av parkering P6 og FGV10 er trukket noko mot sør, avvik frå plankart

Planstatus

Hilland vest bebyggelsesplan Felt 6 i kraft 11.06.2008

Dispensasjon

Tiltaka krev dispensasjon frå Hilland vest bebyggelsesplan Felt 6 med id 1263-200819.

Det vert vist til søknad om dispensasjon datert den 18.03.2015 samt Foreløpig kontrollrapport utarbeida av A/STAB datert 05.02.2015.

Uttale frå planavdelinga

Det er tidlegare innhenta inn slik uttale frå plan. Denne vert lagt til grunn for handsaming av søknaden.

Nabovarsel



Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg føre slik merknader frå eigar av gnr. 134 bnr. 475 seksjon 5 ved brev av 27.04.2015. Ansvarleg søkjar har kommentert merknaden.

Kommunen kan ikkje sjå at det faktisk er protestert mot nokon av dei omsøkte dispensasjonane. Vi kan ikkje sjå at det omsøkte vi på noko måte medføre ulemper for eksisterande bebuarar. Det kan sjå ut som at søkjar har ivareteke naboar sine interesser.

Dispensasjonsvurdering

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammor, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4). Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge. Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Det vert vist til søknad om dispensasjon og tilhøyrande grunngeving. Kommunen er fullt ut samd med ansvarleg søkjar sine vurderingar i saka. Når det gjeld redusering av grøntareal (FG12), har planavdelinga tidlegare uttalt seg negativt til slike tiltak. Vi kan likevel ikkje sjå at det FG12 er noko anna eit restareal.

Omsyna som ligg i planen med føresegner vert etter kommunens vurdering ikkje vesentleg tilsidesett.

I vurderinga av fordelar og ulemper vil kommunen vise til dispensasjonssøknaden og dei tilhøva som er veklagt der. Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå reguleringsplanen med føresegner.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå Hilland vest bebyggelsesplan Felt 6 for:

1. Plassering av FGV1, avvik frå plankart
2. Endra plassering/utforming av bustad 5-8, avvik frå plankart og føresegner
3. Endra plassering/utforming av P2, avvik frå plankart
4. Endra plassering/utforming av FGV3, avvik frå plankart
5. Endra kurvatur og plassering av Veg 8, avvik frå plankart
6. Regulert snuhammer ved P2/Veg8 utgår, avvik frå plankart
7. Endra plassering og utforming av FG5, PS2 og FG7, avvik frå plankart
8. Plassering av offentleg veg med tilhøyrande fortau i horisontalplanet (kurvatur), avvik frå plankart
9. Plassering av parkering P6 og FGV10 er trukket noko mot sør, avvik frå plankart

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
9.1.5 m.m.	Dispensasjon arealformål/plan, 8.400 pr stk	9	75.600
6.1	Bruk av kartbasis500	1	500
	Totalt gebyr å betala		76.100

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar byggesak

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alversund Utvikling AS	Fagernes 4	5043	BERGEN
Alversund Utvikling AS	Fagernes 4	5043	BERGEN
Arne-Helge Byrknes	Postboks 26	5979	BYRKNESØY

Mottakarar:

ByggProsjekt AS	Møllendalsbakken	5009	BERGEN
	2A		